

18/218795-11

450

Hafslo 16/11-2018

21 NOV 2018

Region Vest

Askedalen 4

6863 Leikanger

ForeldreArbeidsutval FAU

Hafslo Barne og Ungdomsskule

V/ leiar Jan Ølnes

Hestnes 36

6869 Hafslo

**Søknad om trafikktryggingsmidlar 2018/2019 til Heva gangfelt Hafslo vegen ved Vegaskjelet og Ørbekk eller andre tiltak som kan betre sikkerheiten ved elevkryssing på desse stadane.**

FAU ved Hafslo barne og ungdomsskule har fokus på elevane sin skuleveg og tek jamleg opp utfordringar knytt til skulevegen.

Etter vedtak i FAU vil me søke om støtte til å etablere sikrere kryssing av skulevegen langs Hafslovegen på følgjande stader : Krysset Krekavegen Vegaskjelet/ Krekavegen-Hafslovegen F 337 og Ørbekk – Hafslo vegen F337- Botnen

Dette er punkt der elevane på begge stader må krysse meir eller mindre sterkt trafikalt veg for å komme frå og til gang og sykkelveg . Slik vi vurderar det eksisterar det ikkje i dag gode nok hinder som begrensar farten eller varslar bilistane om kryssande elevar . Det er i dag 60 sone på den aktuelle vegen .

Det vert i uformell kontakt med statens vegvesen antyda ein kostnad på 85000 og oppover ved kvart kryssningspunkt dersom ein byggjer heva gangfelt , alt etter utfordringar .. Overslag over timebruk for å etablere tiltaka har me ikkje fått oppgitt pga tidsbruk i forhold til søknad .. Då dette må prosjekterast før arbeidet vert i gang sett.

Vi søker difor om støtte til å betre dei traffikale forholda for kryssande elevar ved Vegaskjelet og Ørbekk , i form av Heva gangfelt og eller mindre tiltak som belysning , skilting og måling / varsling om kryssande elevar der dette manglar på omtalte Vegaskjelet og Ørbekk/Botnen.

Dersom det vert eit positivt utfall på søknadsprosessen, vil FAU jobbe vidare med betre kostnadsoverslag og timebruk over alternative løysningar frå Heva gangfelt til skilting/ måling av overgang / belysning der dette ikke er i dag.

Mvh FAU HAFSLO OG BARNE OG UNGDOMSSKULE

v/ Lelar FAU Jan Ølnes

